



Arkivnr: 2016/4128-1

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		28.04.2016
Fylkesutvalet		19.05.2015

### Søknad frå Austrheim kommune om tilskot til forlenging av båtruta i Øygarden

#### Samandrag

Austrheim kommune har søkt om kr 150 000 i årleg stønad i tre år til forlenging av båtruta Hellesøy – Hernar - Sulo i Øygarden til Fedje. Fylkesrådmannen si tilråding er at søknaden ikkje underbyggjer eit fråvik frå den vedtekne kollektivstrategien, og at ein difor ikkje bør imøtekome søknaden.

#### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet finn ikkje å kunne gje stønad til forlenging av båtruta Hellesøy – Hernar – Sulo til Fedje.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 13.04.2016****Bakgrunn**

Til møte i MISA 10.03.16 hadde representanten Per Lerøy sendt inn følgjande spørsmål:

Eg viser til vedlagte søknad om støtte til båtrute mellom Hellesøy og Fedje. Denne søknaden vart knytt opp til Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland, men denne ordninga er etter det eg forstår avvikla og eg sender difor denne søknaden til MISA. Som søknaden viser vil ei slik båtrute kunne gi auka trafikk med buss, båt og ferje i både Vest og i Nordhordland, og soleis betra drifta av kollektivtilbod som alt eksisterer. I tillegg vil båtruta opna ei ny reiserute for ulike turistgrupper som turbuss-turistar og sykkelturistar. Etablering av denne båtruta vil gje reiselivsbedrifter både i Vest og Nordhordland ein ny marknad og soleis nye moglegheiter for vekst og utvikling.

Me ber om at utval for miljø og samferdsel på møtet 10. mars drøftar om det er mogeleg å gje kr. 150 000,- i årleg støtte til prosjektet. Prosjektperioden er sett til 3 år. Ein føresetnad for at HFK skal støtta prosjektet er sjølv sagt at kommunane, i første omgang Fjell, Øygarden, Fedje og Austrheim, saman går inn med eit tilsvarande beløp i prosjektperioden.

Utvalet ber om å få framlagt ei sak om dette.

MISA sende saka over til administrasjonen.

Austrheim kommune har i brev av 31.08.15 søkt om det kan gjevast kr 150 000 i årleg stønad til forlenging av båtruta Hellesøy – Hernar – Sulo til Fedje. Heile prosjektet har ei tilskotsrøme på kr 900 000, der kr 450 000 er tenkt finansiert av fylkeskommunen og kr 450 000 av kommunane i Nordhordland og vest-regionen. Prosjektet har ikkje fått stønad frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland.

**Saksopplysningar**

Båtruta i Øygarden er ei kort lokalbåtrute mellom Hellesøy og Hernar. Ruta har 1-3 faste rundturar kvar dag, og i tillegg 1-2 tingingsturar kvar dag. Det er i søknaden lagt opp til 2 turar kvar veg i 10 veker i sommarsesongen.

Austrheim kommune har oppsummert grunngjevinga for søknaden slik:

Som søknaden viser vil ei slik båtrute kunne gi auka trafikk med buss, båt og ferje både i Vest og i Nordhordland, og soleis betra drifta av kollektivtilbod som alt eksisterer. I tillegg vil båtruta opna ei ny reiserute for ulike turistgrupper som turbuss-turistar og sykkelturistar. Etablering av denne båtruta vil gje reiselivsbedrifter både i Vest og Nordhordland ein ny marknad og soleis nye moglegheiter for vekst og utvikling.

Ut frå Skyss si vurdering som innkjøpar av kollektivtransport på sjø, er det tvilsomt om det planlagte budsjettet er tilstrekkeleg til å finansiere drifta av det omsøkte rutetilbodet. Med det passasjervolum som må til for å gå i økonomisk balanse, vurderar ein det vidare som tvilsomt om ruta kan stå på egne bein etter tre år.

**Vurdering**

Dersom tilbodet vert etablert, bør det etter fylkesrådmannen si vurdering inngå i Skyss sitt kjøp av ruteproduksjon. Gjeldande takstregulativ bør i såfall nyttast, slik fylkesrådmannen vurderer det.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det omsøkte rutetilbodet let seg prioritere innafor midlane til kollektivtransport som er til rådvelde. I følgje den vedtekne kollektivstrategiplanen er det ei rekkje udekte reisebehov som bør dekkjast først.

Fylkesrådmannen sin konklusjon er at søknaden ikkje underbyggjer eit fråvik frå den vedtekne kollektivstrategien, og at ein difor ikkje bør imøtekomme den aktuelle søknaden frå Austrheim kommune.